

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 19.01.2010  
Sakhandsamar: **Gjertrud Jacobsen**  
Saka gjeld: **Søknad om utvida sjukehuskonsesjon i Haugesund - Privatsykehuset Haugesund**

**Arkivsak**

2010/43/

**Styresak 016/10 B**

**Styremøte 03.02. 2010**

---

## **Forslag til vedtak**

1. Helse Vest RHF vil framleis ha behov for å kjøpe tenester hos private leverandørar i noko omfang. Det omfattar mellom anna dei tenestene som Privatsykehuset Haugesund vil tilby i Haugesund.
2. Helse Vest RHF har på generelt grunnlag ikkje merknad til at Privatsykehuset Haugesund får utvida sjukehusgodkjenninga i Haugesund, men ser at det på sikt kan ha effekt på personellsituasjonen i eigne føretak.

## Oppsummering

Privatsykehuset Haugesund har søkt om utvida sjukehusgodkjenning i Haugesund. Helse- og omsorgsdepartementet har bedt Helse Vest RHF vurdere behova innan dei aktuelle fagområda og kva for konsekvensar dette kan ha for tilgang på helsepersonell i området. Helse Vest vi ha behov for å kjøpe tenester innan dei aktuelle fagområda framover. Utvidinga vil ikkje ha umiddelbar effekt på personellsituasjonen i føretaka i Helse Vest, men det er usikkert om det vil gi slik effekt på sikt.

## Fakta

Privatsykehuset Haugesund AS (PSH) har i brev datert 19. desember 2009 søkt Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) om utvida godkjenning av sjukehuset i Haugesund.

Som ledd i sakshandsaminga ber HOD om uttale frå Helse Vest RHF m.a. om korleis søknaden vil påverke spesialisthelsetenesta i regionen. Det blir spesielt bedt om uttale i høve til behov i regionen for det aktuelle tenestetilbodet, og om tilgangen til helsepersonell vil bli påverka ved ei eventuell utviding av det etablerte private sjukehuset.

## Kommentar

### Privatsykehuset Haugesund AS

PSH har frå før sjukehusgodkjenning i Haugesund med konsesjon på 4 senger, og Helse Vest RHF hadde i 2009 avtale med PSH innan ortopedi under ordninga "Raskara tilbake".

PSH søker nå om utvida sjukehusgodkjenning i Haugesund med inntil 20 senger innan følgjande fagområde: generell kirurgi, plastisk kirurgi og urologi. Dette vil og føre til auka kapasitet for PSH innan ortopedi.

I søknaden går det fram at PSH ønskjer å utvide sjukehuset slik at dei kan inngå avtale med Helse Vest RHF innan fleire fagområde enn i dag. I tillegg har sjukehuset avtalar med forsikringsselskap.

PSH vil nytte eige personell som allereie er knytt til sjukehuset mellom anna til poliklinisk verksemd innan dei områda ein nå vil etablere med sjukehussenger. Dersom dei i periodar har behov for å auke kapasiteten utover dette vil ein nytte personell frå Sverige og Danmark der ein har kontakt med konkrete sjukehus.

### Status i Helse Vest

Helse Vest har i dag avtalar med private sjukehus og privatpraktiserande spesialistar som gjeld til og med 30.04.2010. Tenestene har omfatta totalt inntil 4.830 DRG- poeng per år<sup>1</sup> i avtaleperioden for kirurgiske inngrep/operasjonar og omfattar fagområda ortopedi, øyre-nase-hals, generell kirurgi, plastisk kirurgi, auge og urologi. Volumet som Helse Vest kjøper frå private utøvarar er betydeleg redusert i høve til tidlegare år.

Helse Vest har i dag kapasitetsproblem innan dei fagområda som PSH ønskjer å etablere nå, og både i Helse Stavanger og Helse Fonna sine opptaksområde er det kapasitetsproblem innan urologi og ortopedi.

---

<sup>1</sup> Gjeld før omlegging av DRG-vekter som trer i kraft frå og med 2010

Helse Vest er nå i ferd med å ferdigstille vurderinga av behovet for kjøp av tenester frå private utøvarar før ei ny anbodskonkurranse som vil bli offentleggjort med det første. Ved vurdering av ventetider har ein også tatt høgde for at private allereie dekker ein del av behovet.

Sjukehusa i Stavanger og Haugesund er svært sårbare i høve til personellsituasjonen innan nokre av dei fagområda som PSH ønskjer å etablere i Haugesund. Etablering av private tilbod kan ha uønska effekt på aktiviteten i egne sjukehus innanfor fagområde der det allereie er knapp kapasitet.

## **Konklusjon**

Helse Vest RHF dekker i dag ikkje heile sitt sørge for ansvar gjennom verksemd i egne helseføretak. Det blir derfor kjøpt tenester hos private leverandørar. Også for befolkninga i Helse Fonna området vil det framover være behov for å kjøpe tenester av private leverandørar for å sikre nok kapasitet innan ei rekke fagområde. Ein er nå i ferd med å avslutte arbeidet med å vurdere omfanget av kjøp hos private leverandørar og konkurransegrunnlaget vil bli gjort kjend om kort tid med nærare presisering av type tenester og volum.

Eit svært viktig element i høve til etablering av private sjukehusstilbod i regionen er korleis det kan påverke personellsituasjonen i føretaka. Dersom personellsituasjonen i egne sjukehus blir forverra som resultat av privat etablering vil ein ikkje ha positiv effekt på kapasiteten. Det vil være uheldig om egne sjukehus som er svært sårbare innan nokre fagområde skulle bli tappa for fagfolk som resultat av etablering av eit privat tilbod.

I dette tilfellet vil ei utviding av verksemda til PSH ikkje ha ei umiddelbar effekt på personellsituasjonen i egne føretak ettersom dei sjølve allereie har knytt til seg personell som ikkje er knytt til føretaka i Helse Vest. Fleire private sjukehus og utvida aktivitet ved private sjukehus vil likevel på sikt kunne ha effekt på situasjonen i føretaka.